

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Dato	19.01.2024
Vår referanse	2023/87740-3
Dykkar referanse	23/2143
Sakshandsamar	Bjørnar Tjoflot
E-post	Bjornar.Tjoflot@vlfk.no
Telefon	99100814

Administrativ høyringsuttale frå Vestland fylkeskommune til forslag til endringer i forskrift om konsekvensutredningar, dykkar ref.: 23/2143

Oppsummert administrativt innspel frå Vestland fylkeskommune

Kraftleidningar: Vi støttar forslaget om å heve grensa for krav om melding av kraftleidningar på 132 kV frå 15 km til 50 km. Dette vil bidra til å forenkle prosessen for tiltakshavarar, samtidig som det gir fleksibilitet til å melde prosjekt som kan ha betydelege lokale konsekvensar. Det er bra at tiltakshavarar framleis har retten til å melde inn kraftleidningar som er mellom 15 og 50 km lange, for å sikre at relevante miljø- og samfunnsmessige omsyn blir tatt.

Solkraftanlegg: Vi støttar også forslaget om innføring av plikt til å sende inn melding med forslag til utredningsprogram for solkraftanlegg med installert effekt på over 30 MWp. Det er viktig å sikre at større solkraftprosjekt blir nøye vurdert med tanke på potensielle kontroversar og miljø- og samfunnsmessige verknadar.

Vi ber om at innspelet vårt vurderast i samanheng med innspelet til høyringa om endringar i energiloven og plan- og bygningsloven knytt til solkraftanlegg på land.

Bakgrunn

NOU 2022:6 - Nett i tide og Regjeringa sin handlingsplan for raskare nettutbygging og betre utnytting føreslår tiltak som kan gje raskare og betre nettutbygging. Eitt av forslaga frå regjeringa er å fjerne et prosessledd for 132 kV kraftleidningar som har en lengde på opptil 50 km.

Fleire nettselskap bad i desse høyringane om at fleire saker om konsesjon til regionalnett burde handsamast etter ein enklare saksgang. Ved å fjerne meldeplikta for nokre kraftleidningssaker, og dermed å overføre den tidlege forankringa av konsekvensutgreiinga til utbyggjar, vil NVE få færre meldingar til handsaming. Departementa meiner dette tiltaket er nyttig i ein periode der NVE har mange kraftleidningssaker liggjande i kø.

Solkraftverk

Det er i dag ikkje noko krav om melding knytt til konsesjon for solkraftverk.

Departementa meiner at det er naturleg at det skal gjelde ei meldeplikt også for solkraftverk av ein viss storleik. Ein gjennomføring av ein meldingsfase kan vere føremålstenleg for alle partar i saker der det kan forventast store verknadar for miljø og samfunn. Særleg kan melding vere nyttig der solkraftverka er så store at det krevst konsekvensutgreiingar av eit større omfang. Tidleg offentleg høyring av eit planlagt prosjekt, vil også bidra til gode prosessar og til auka kvalitet og relevans for konsekvensutgreiinga.

Kva som er store verknader er relativt, og vil kunne avhenge av storleiken på prosjektet i effekt, utstrekning og føreslått plassering. Det er i dei aller fleste høve ein klar samanheng mellom sjølve storleiken på solkraftverket, og dermed arealbehovet, og verknadene for allmenne og private interesser. Eit 10 MWp prosjekt medfører følgjeleg eit arealbeslag på 100 dekar, og eit 30 MWp prosjekt medfører om lag 300 dekar. For anlegg på 30 MWp meiner departementa at dei aller fleste moglege plasseringar vil kunne innebere konflikstar der klare krav til utgreiing av verknader vert tilrådd. For slike anlegg bør det fastsetjast krav til melding og utgreiingsprogram.

Forslaga frå departementa

Kraftleidningar

Departementet føreslår å endre KU-forskrifta slik at grensa for når ein tiltakshavar må melde kraftleidningar på 132 kV, vert heva frå 15 km til 50 km. Samstundes skal tiltakshavar få velje å likevel kunne førehandsmelde denne typen kraftleidningar. Tiltakshavar får dermed ein rett, men ikkje plikt til å melde kraftleidningar på 132 kV som er mellom 15 og 50 km lange. Tiltakshavar må då sjølv vurdere kor konfliktfylt eller krevjande ei kraftleidning i denne storleikskategorien vil vere, og eventuelt førehandsmelde prosjektet.

Tiltakshavar bør mellom anna melde ein planlagt kraftleidning dersom det er fleire traséalternativ, og det er sannsynleg at det ved høyringa av meldinga vil kome krav om ytterlegare traséalternativ og/eller større justeringar. Forhold som kan liggje til grunn for krav om utgreiing av alternative traséar kan vere at leidningen er planlagt bygd i område som kan inneha verdfulle natur- og miljøinteresser, verdfulle landskapsområde, verdfulle kulturmiljø og kulturminne og/eller området den planleggast bygd i er prega av å vere urørt, vert brukt som friluftsområde og/eller turisme. Berøring med bustadområde, jordbruksområde eller i beiteareal, eller vesentlege andre allmenne interesser kan også ha tyding.

Uavhengig av om eit tiltak må meldast, må konsesjonspliktige nettanlegg konsekvensutgreiast.

Solkraftverk

Departementet føreslår å innføre ei plikt til å sende inn melding med forslag til utgreiingsprogram for solkraftverk som kan vere kontroversielle og/eller gi store verknader for miljø og samfunn. Grensa føreslåast å setjast til anlegg med installert effekt på over 30 MWp.

Departementet foreslår òg ein heimel for at mindre solkraftverk med konsesjonsplikt skal omfattast av KU-forskrifta sitt vedlegg II, slik at det ikkje er nokon tvil om at solkraftverk alltid skal konsekvensutgreiast.

Administrasjonen si vurdering av forslaga

Hovudmålet i Regional plan for fornybar energi 2023-2035 er at vi har energioverskot frå fornybare energikjelder og ei robust kraftforsyning som bidreg til grøn verdiskaping.

I tillegg har vi følgjande relevante delmål:

- Delmål 1: Vi har produksjon og distribusjon av kraft frå fornybare energikjelder som tek omsyn til miljø, naturmangfald, friluftslivsområder og landskaps og kulturverdiar.
- Delmål 2: Kvar enkelt fornybare energikjelde brukast der dei har høgast verdi for samfunnet.
- Delmål 3: Auka produksjon frå fornybare energikjelder har bidrege til kutta klimagassutslepp i Vestland
- Delmål 6: Vi har kraftnett som gir nok kraft til forbruk og industri i heile Vestland.
- Delmål 7: Vi utnyttar mangfaldet av fornybare energikjelder som gjer oss mindre sårbare for uføresette endringar i energiproduksjonen

Altså er Vestland fylkeskommune positive til å utvikle kraftsystemet og leggje til rette for meir kraftnett og meir kraftproduksjon. Vi er likevel opptekne av gode prosessar på vegen mot måla. Vestland fylkeskommune forstår godt bakgrunnen for høyringa og departementa sine ynskje om å ta bort eit prosessledd regionalnett av ei viss storleik og formalisering av solkraftverk i KU-forskrifta. Det er likevel svært vanskeleg for oss å meine om 50 km 132 kV kraftlinje og 30 MWp er optimale grenser for meldingsplikt. Vi legg difor til grunn at departementa har kome med eit godt estimat for kvar grenseverdiane bør vere.

Kraftnettet

Vestland fylkeskommune har vedteke følgjande innspel til Departementa ved tidlegare høve:

- Fylkestinget vedtak 22.06.2022 (innspel til energikommisjonen):
 - o Vestland fylkeskommune meiner difor at det må koma klare og ambisiøse mål om kraftproduksjon og nettutvikling for å ta kraft i bruk. I tillegg må ein ha tydeleg mål for energieffektivisering. Omsynet til klima, miljø og berekraftig verdiskaping må vere premiss for utviklinga mot dei nye måla.
 - o Vestland fylkeskommune meiner tidsbruk for sakshandsaming i konsesjonssaker må ned. Sakshandsamingskapasiteten i NVE og OED må betydeleg opp. Saker kan ikkje ligge i månadsvis utan å verta tildelt sakshandsamar. Ein stor del av konfliktane i konsesjonsprosessar er knytt til at dei dreg ut i tid. Vi ber om at det settast ein frist på 10 veker frå søknadstidspunkt til høyringsbrevet går ut frå NVE/OED.
- Fylkesutvalet vedtak 06.09.2022 (høyringsinnspel til rapporten «nett i tide»):
 - o 1. Vestland fylkeskommune er samd med dei skisserte tiltaka straumnettutvalet fremmar som viktige i arbeidet med å betre utviklinga i straumnettet i Noreg i NOU 2022: 6 - Nett i tide. Vestland fylkeskommune ber regjeringa raskt realisere tiltaka straumnettutvalet føreslår i rapporten.
- Fylkesutvalet vedtak 02.05.2023 (høyringsinnspel til rapporten «meir av alt – raskere»):
 - o 4. Vestland fylkeskommune er einige i alle tiltaka for auka nettkapasitet i «Meir av alt – raskere». Tiltaka harmonerer i stor grad med innspela frå Vestland fylkeskommune til arbeidet med denne rapporten.

Desse vedtaka viser tydeleg at Vestland fylkeskommune ynskjer tiltak som tek ned tida det tek å realisere nytt nett. Vi ser difor positivt på dette forslaget og ber samstundes departementet om det er andre spenningsnivå ein kan sjå føre seg liknande utvikling?

Vi kan vise til Regional plan for fornybar energi 2023-2035 som omtalar solenergi. Vi har i planen ambisjonar om å leggje til rette for ny solkraft og for at solenergi skal inngå i samspelet med dei andre fornybare energikjeldene. Fylkeskommunen har lite erfaring med solkraftanlegg utover solcelleanlegg på eigne bygg til no, men vi veit at aktiviteten på dette området vil auke i fylket. Det er difor bra at regelverket rundt konsesjonshandsaming av solkraftanlegg tydeleggjerast.

Samstundes som vi ynskjer raskare nettutbygging og bygging av solkraftverk er det viktig at vi har gode prosessar rundt nye tiltak. Vi har følgjande retningslinjer i Regional plan for fornybar energi 2023-2035 som er relevante for konsesjonshandsaminga av nettanlegg og solkraftanlegg (lista er ikkje uttømande):

- 1. Vestland er positive til bygging av ny fornybar energi der omsyn til miljø og andre arealinteresser er ivareteke.
- 7. Bygging av kraftverk og infrastruktur knytt til fornybare energikjelder skal ta i vare omsyn til miljø og andre arealinteresser.
- 11. Lokalisering av kraftanlegg bør skje på ein måte som minimaliserer behov for ny infrastruktur utanfor anlegga (kraftleidningar, veg, transformatorstasjonar, med meir).
- 12. Ein skal vere restriktive med å gje løyve til kraftverk på karbonrike areal, som myr, våtmark og skog. Om tilstrekkelege kartleggingar ikkje er gjort skal føre-var-prinsippet leggest til grunn (jf. Naturmangfaldlova §9).
- 19. I sårbart høgfjell av stor verdi skal ein vere restriktiv med kraftanlegg som fører til varige sår i naturen.
- 21. Planlagde tiltak som kjem i konflikt med artar som er "kritisk truga" eller "sterkt truga" (jf. Norsk Raudliste), eller naturtypar og leveområde som Noreg har eit internasjonalt ansvar for, eller er i konflikt med oppfyljing av nasjonale og internasjonale avtalar, skal ikkje få konsesjon.
- 22. Tiltak som kjem i konflikt med biologisk mangfald av stor eller middels verdi (jf. verdivurdering av raudlisteartar, naturtypar og truga vegetasjonstypar som framkjem av dei nasjonale retningslinene for små vasskraftverk), må pårekna pålegg om avbøtande tiltak som reduserer konflikten.

- 32. Ein skal vise varsemd ved utforming av ny kraftutbygging, slik at tiltaka ikkje redusera opplevingskvalitetane i friluftsområde med stor verdi. Gjennom konkret utforming skal ein søkje å gjere tiltaket til ein positiv ressurs for friluftslivet.
- 33. I område med direkte tilknytning til verneverdige kulturminne og kulturmiljø skal ein vise varsemd med løyve til ny kraftutbygging.
- 34. I område med stor verdi for reiselivet der tiltaket vil redusere opplevingskvalitetane skal ein vise varsemd med løyve til ny kraftutbygging. Gjennom konkret utforming skal ein søkje å gjere tiltaket til ein positiv ressurs for reiselivet.

Med helsing

Sølve Dag Sundbø
seksjonssjef
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Bjørnar Tjoflot
rådgjevar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift